



Skaldyra har gått unna også denne sommaren

Det lakkar og lir med sesongen også for Uskedalens vertshus Systrene Nilsen og ikveld vert den siste skaldyraften avvikla, truleg med rundt 80 gjestar. Og som i fjor har dette vore sommarens store slager med over 800 gjestar og det tykkjer leiinga er svært bra.

Dagleg leiar Karoline Neset stoppar på 820 når uskedalen.no ber henne om dei imponerande tala. Skaldyra har vore servert på 8 torsdagar med start 20. juni og det har vore fullt hus med 120 gjestar 5 av torsdagane. 2 gongar har det stoppa på 80 og ein gong på 60.



Karoline lagar søtsaker på heimebane

- Kor kjem alle gjestane frå?
- Frå heile kommunen og det er tydeleg at vi etterkvart har fått eit svært positivt omdømme. Det har diverre hendt at vi har sagt nei til turistar, til dømes båtfolk, som ikkje har bestilt på førehand, fortel

Karoline som har hatt ein stab på 8 i arbeid når det har vore fullt med 120.

- Men kva med dei andre opningsdagane?

- Fredagane har teke seg opp etterkvart som spansk aften vart innarbeidd og med 70 gjestar som topp.

Men vi har merka konkurransen

frå Husnes på laurdagane. Vi har ikkje opplevd dei same køar av ungdom

som vi hadde i fjor utover kvelden. Sundagsbesøket har vore

omtrent som i fjor, oppsummerar Karoline som også for sin egen del

har hatt ein fin sommar heime i Uskedalen sjølv om ho har 'stått på'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen